

## NAV Fensfjorden

Postadresse; Postboks 14, 5987 Hosteland

Kontakt NAV: Telefon 55 55 33 33 / [www.nav.no](http://www.nav.no) via ditt nav

NAV Fensfjorden er eit felles NAV kontor for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Hovudkontoret ligg på Hosteland i Masfjorden. NAV har også opningsdagar på kommunehuset i Austrheim, Fedje, Gulen og Modalen.

Opningstider ved NAV Fensfjorden:

- Austrheim kl. 10 – 1400 torsdag  
Sætremarka 2, 5943 Austrheim
- Fedje kl. 09 – 1230 tirsdag i partallsveker  
Stormarkvegen 49, 5947 Fedje
- Gulen kl. 10 – 1400 tirsdag  
Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
- Masfjorden kl. 10 – 1400 tirsdag  
Fensfjordvegen 617, 5986 Hosteland
- Modalen kl. 10 – 1400 torsdag i partallsveker  
Mo 3, 5732 Modalen

Du kan gjere avtale med oss utanom desse opningstidene, ring oss på 55 55 33 33 eller skriv til oss via [www.nav.no](http://www.nav.no).

Du kan og henvende deg på sørvis-torget i kommunen.

[www.nav.no](http://www.nav.no) er ope heile døgnet!

## Økonomisk sosialhjelp

Om ein kjem opp i ein situasjon der ein treng økonomisk hjelp, kan det vere at ein har rett på økonomiske ytingar frå det offentlege.

Det kan vere:

- Økonomisk yting frå kommunen
- Råd og rettleiing, eller hjelp i form av bustønad til høge bu-utgifter

Søknaden må dokumenterast. I søknadsskjemaet finn du informasjon om kva dokumentasjon NAV treng for å handsame søknaden din.

Søknadsskjema økonomisk sosialhjelp ([Link til søknadsskjema](#))

Søknad om økonomisk sosialhjelp sendast/leverast til NAV Fensfjorden.

Postadresse: Postboks 14, 5987 Hosteland

## Gjeldsrådgjeving

NAV Fensfjorden tilbyr økonomisk rådgjeving til dei som har betalingsvanskar eller gjeldsproblem. Rådgjevinga kan innebere hjelp med å sette opp budsjett eller bistå deg i gjeldssaker overfor kreditorar.

Du kan bestille time hjå gjeldsrådgjevar. Dette tilbudet er gratis. Ta kontakt med NAV på telefon 55 55 33 33 eller send beskjed via ditt NAV på [www.nav.no](http://www.nav.no) .

<https://www.nav.no/no/person/flere-tema/sosiale-tjenester/okonomisk-radgivning-og-gjeldsradgivning/okonomisk-radgivning-og-gjeldsradgivning>

Du kan få råd og rettleiing ved å ringe den landsdekkjande telefonen 800 45 353 for økonomisk rådgjeving, eller du kan chatte med NAV om spørsmål knytta til budsjett, økonomi og gjeldsrådgjeving.

Chat med NAV gjeldsrådgjeving

<https://www.nav.no/person/kontakt-oss/chat/okonomi>

Søknad om økonomisk gjeldsrådgjeving ([Link til søknadsskjema](#))

## Mellombels bustad

NAV skal hjelpe deg med å finne eit mellombels butilbod viss du heilt akutt ikkje har ein stad å sove og opphalde deg neste døgn. Vi rår deg til å ta kontakt med NAV Fensfjorden dersom dette gjeld deg.

Meir informasjon kan du lese her:

<https://www.nav.no/no/person/flere-tema/sosiale-tjenester/bolig/midlertidig-botilbud>

## Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet er for deg mellom 18-67 år som ynskjer å jobbe, men treng oppfølging for å klare det.

For å ha rett til kvalifiseringsprogram, må NAV vurdere behova dine og om programmet vil føre til at du lettare kan kome i arbeid.

Du må

- vere i yrkesaktiv alder og ha vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne
- ha behov for tett oppfølging
- ha ingen eller svært avgrensa ytingar frå NAV
- ha gjennomgått ei arbeidsevnevurdering
- ha lovleg opphald og fast bustad i Noreg

For meir informasjon kan du lese her <https://www.nav.no/no/person/flere-tema/sosiale-tjenester/kvalifiseringsprogrammet> , eller ta kontakt med NAV Fensfjorden på telefon 55 55 33 33.

På heimesida til NAV <https://arbeidsplassen.nav.no/stillinger> finn du informasjon om ledige stillingar, vegvisar til informasjon som er tilpassa deg og din situasjon. Her finn du og informasjon om søknad og søknadsskjema, CV og intervju.

## Opplysning, råd og rettleiing

Du har rett til å få opplysning, råd og rettleiing frå NAV som kan bidra til å løyse eller førebygge sosiale problem.

All informasjon om opplysning, råd og rettleiing finn du her <https://www.nav.no/no/person/flere-tema/sosiale-tjenester/generelle-rad-og-veiledning>.